

# Smittevern ved skulebesøk frå Science Circus

Science Circus følger dei gjeldande smittevernrettleiarane. Her er eit kort oversyn over korleis me handterer smittevern etter trafikklysmodellen utarbeida av Udir.

Merk at dette er Science Circus sine tiltak, som kjem i tillegg til skulens eksisterande tiltak, det vil seie at for eksempel tiltak knytt til sjukdomsutbrot ikkje er nemnt, fordi det er rekna som dekkja av [Udir sin smittevernrettleiar](#) (rettleiaren).

TILTAKSNIVÅ	TILTAK
<b>GRØNT</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Skulebesøk gjennomførast med tiltak frå rettleiaren.</li><li>• Elles vanleg organisering av skulebesøka.</li><li>• Utstillinga kan nyttast som normalt.</li><li>• Show kan gjennomførast som normalt.</li></ul>
<b>GULT</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Skulebesøk gjennomførast med tiltak frå rettleiaren.</li><li>• Forsterka reinhald av utstyr. Utstyr som ikkje kan reingjerast blir sett i karantene i minst 3 døgn før bruk med nye grupper.</li><li>• Personale kan kun besøka ein skule per dag.</li><li>• Me oppfordrar skular til å informera oss i god tid om det finst særskilte tiltak ved skulen som går ut over det som er gitt i rettleiaren.</li><li>• Utstillinga vil ikkje kunne nyttast.</li><li>• Show kan gjennomførast så langt framtidig avstand kan overhaldast. Minimum to meter mellom ulike kohortar.</li></ul>
<b>RAUDT</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Skulebesøk blir bare gjennomført digitalt.</li></ul>

